



TEATER  
VESTLAND

ÅRSMELDING  
2020

## INNHALD

- 3 Leiar
- 6 Repertoar
- 6 100 Songar
- 8 Maria, Jesu mor
- 10 Vestland, Vestland
- 12 Frakt under havet
- 14 Annie jr.
- 16 Kulturtilhengjar: Vinje, vår mann
- 17 Sommarleskampanje: Det usynlege barnet
- 18 Gjestespel
- 18 Slåttekår i himmelen
- 19 Alle har en liten dør bak øret
- 20 Digitalt tilbod
- 22 Lab-prosjekt
- 23 Residens
- 24 Statistikk
- 25 Nynorskhuset
- 26 Ny visuell profil
- 28 Styret si årsmelding
- 30 Resultat/balanse
- 32 Notar
- 37 Melding frå revisor
- 38 Personale/ styre

Sogn og Fjordane Teater

IVECO



## TEATERÅRET 2020

**2020 var det året Sogn og Fjordane Teater vart Teater Vestland. På bakgrunn av fylkessamanslåinga sette teateret seg som mål å utvide turnedrifta til å gjelde heile Vestland. Arealet er dobla, folketalet bortimot femdobla. Med vår kompetanse og erfaring som eit produserande og turnerande teater gjennom 43 år vert vi eit aktivt og operativt turneteater for heile den nye regionen.**

Vårt oppdrag er å gi eit breitt og godt teatertilbod til folk der dei bur. Dette bidreg til gode lokalsamfunn. Vi når ut til mindre stader, vi er fleksible når det gjeld speletid og lokale, og vi tilpassar oss ulike alders- og målgrupper.

Vi valde difor å starte vår langsiktige satsing allereie i 2020. Målet er å styrke samhaldet og å finne den felles kulturen som knyter vestlendingane saman og å gi alle i den nye regionen tilgang til scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet. Eg håper 2020-programmet speglar dette. Planane for året var mange: åtte eigenproduksjonar, samproduksjonar, gjestespel, lab-prosjekt og eventyrstunder for dei minste. Alt i vestnorsk språkdrakt. Det gir sjølvkjensle å høyre heime i sitt eige språk.

*Vi ønsker at framsyningane våre skal engasjere, vere relevante og skape debatt.*

Publikum - kvar dei no måtte bu - skal kunne identifisere seg med historiene, tema og karakterane dei vert presenterte for. Målet vårt er å skape framsyningar med varme, glede, humor, alvor og dramatik - altså framsyningar som skal underhalde! Eg håper at repertoaret for 2020 er med på å samle trådane i mi teatertenking, altså vere nasjonalt og internasjonalt orientert, men samstundes lokalt fundamentert.

Sesongen 2020 vart opna med tysk samtidsdramatik. Blackboxen, som tek omlag 60 tilskodarar, er ideell for å satse på smalare prosjekt. Teater skal vere for dei mange, men òg for dei få. Roland Schimmelpfennig, ein av verdas leiande dramatikarar, er igjen på repertoaret vårt med sitt siste stykke, «100 Songar», ein norgespremiere.

Framsyninga handlar om ei gruppe heilt vanlege menneske som oppheld seg på same stad nokre minutt før ei katastrofe skjer. Heilt vanlege menneske som tenker på livet her og no, med draumar, lengslar, gleder, håp, sorg og fortvilning. Og som dei fleste av oss nynnar dei kanskje på ein melodi. Framsyninga er eit rekviem. Den handlar om døden, men snakkar om livet, den ofte banale, men likevel så storslagne verkelegheita.

Sesongens første turné starta 21. februar og blei avslutta 11. mars. Tre framsyningar blei avlyste. Teateret var budd på å erobre heile den nye regionen, men 2020 blei det året då vi vart ramma av ein verdsomspennande pandemi, Covid-19, noko som sette sitt preg på heile landet og på teateret. Teateråret blei ikkje som planlagt.

Dei siste åra har kyrkjene i fylket vorte ein naturleg spelestad for oss. I 2020 skulle vi framføre den siste monologen frå Håvard Rem sin trilogi om «Messias», der tre kvinner gjer sin versjon av evangelia. «Maria, Jesu mor» med Marit Østbye skulle på turné. Den 12. mars hadde vi generalprøve. Ti tilskodarar fekk med seg framsyninga. Den 13. mars var Noreg stengt ned, og premiere og turné vart avlyst.

Like fullt valde vi å ikkje å stenge ned teateret. Vi heldt fram med å produsere. Vi håpte på betre tider, vi planla den vidare drifta, vi heldt verkstadane opne og produserte scenografi til haustens framsyningar. Vi har følgd alle smittevernreglane. Administrasjonen hadde heimekontor, verkstadane produserte med mange meters avstand mellom snikkar, smed, målar o.a. Kostymeansvarleg produserte frå eige studio heime. Antibac og ein meters avstand - Høies lov - vart den nye kvardagen vår.

Skodespelarane måtte òg arbeide heimanfrå - dei budde seg på strøyming av lesingar for vårt yngste publikum kvar veke. Eventyrrommet, scena for dei minste, vart stengt. Ein produksjon frå 2019, «Det usynlege barnet» av Tove Jansson, vart strøymt frå skodespelaren si eiga stove.

Pandemien roa seg utover sommaren, så «Det usynlege barnet» vart vist på ulike bibliotek rundt omkring i fylket i samband med «Sommarlese-kampanjen» i regi av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.

Ein annan produksjon som også vart teken opp att var «Geitejazz» med Idu Losnegård og Jakob Wyrzt. Framsyninga skulle på turne i regi av Den kulturelle skulesekken (DKS), men vart avlyst. Vi valde difor å lage ein filma versjon som vart vist til skulane.

Våren 2020 var ei hard tid for alle, men kanskje spesielt vanskeleg for dei eldste. Teater Vestland gjekk saman med Sunnfjord kulturskule og Førdehuset og oppretta det vi kalla ein kulturtilhengar. Kyrre Eikås Ottersen og Jakob Wyrztz reiste på ein mindre turné til ulike aldersheimar og sjukeheimar i Sunnfjord, der dei spelte framsyninga «Vinje, vår mann». Dei eldre var takksame og sette stor pris på å høyre Vinjes kjende songar og tekstar frå «Ferdaminne».

Kvar sommar sidan 1985 har «Kinnaspelet – Songen ved det store djup» av Rolf Losnegård vorte vist, men ikkje i 2020. Vi håpte i det lengste at alt skulle gå som planlagt, men det vart umogleg å gjennomføre eit så stort arrangement på øya Kinn, med 150 frivillige ved sidan av dei profesjonelle skodespelarane. Vi er stolte av å vere ein del av Kinnaspelet, og håper at det igjen vil verte spelt sommaren 2021.

Teater Vestland måtte òg permittere nokre av dei tilsette, både teknisk personale og skodespelarar. Heldigvis var alle på plass igjen til hausten. Vi kunne halde fram arbeidet vårt med å produsere og spele for publikum i Vestland.

Som nemnt er 2020 det første året Sogn og Fjordane og Hordaland lever saman som eitt fylke. Ei slik hending må kommenterast frå scena. Vestland fylke har no to regionteater, begge nynorske, og det er vi stolte over. I tråd med tidsånda har vi samarbeidd med Det Vestnorske Teateret om å lage framsyninga «Vestland, Vestland».

Prøvene starta allereie i april. Instruktør Arvid Ones og dei to skodespelarane, Claus Sellevoll og Sigrid Moldestad, arbeidde i fleire veker saman med dramatikar Finn Tokvam. Alle fire var underlagt strenge smittvernelegar. Det vart mykje antibac og mykje avstand.

Framsyninga vart sendt på turné 27. august og turnerte i heile åtte veker, med alt i alt 50 framsyningar. I «Vestland, Vestland» fekk publikum vite ein heil del om Sogn og Fjordane og Hordaland som dei sikkert alltid har lurt på, og ein heil del som dei ikkje visste at dei lurte på. Som BT skrev: «Det er ikke snakk om nostalgi, men verdi, når man snakker om hva vestlendingen har vært og hva han skal bli.»

Framsyninga og turneen vart ein stor suksess med utselde hus i dei fleste kommunane. I tråd med koronarestriksjonane var det maks 200 tilskodarar i kulturhusa. Ein-meters-regelen førte sjølvstilt til langt under 200 tilskodarar når vi spelte i idrettshallar og på bygdehus.

*Å skulle summere opp teateråret 2020 er som å samstundes skulle summere opp utviklinga av Covid-19-pandemien. Vi våga å halde fast på vårt opphavslege repertoar. Vi planla og jobba med dette for auge våren 2020.*

Årets humoristiske framsyning «Vestland, Vestland», klarte vi å gjennomføre med berre 2 avlysingar.

Samstundes som «Vestland, Vestland» var på turné, begynte prøvene på årets klassikar, «Frakt under Havet» av Arthur Miller. Den første klassikaren som blei oppført på teateret i min sjefsperiode var «Vildanden» av Henrik Ibsen. Arthur Miller er, som Ibsen, ein sterkt samfunnskritisk dramatikar. Han blir sett på som Ibsen-elev i amerikansk dramatik.

«Frakt under havet» er eit moderne drama og ein tragedie på sitt beste, der forholdet mellom individ, familie og samfunn står sentralt. Tittelen seier også noko om at flyktningar og innvandrarar har med seg noko meir enn det dei reint fysisk kan ta med seg i ein koffert. Dei har med seg ein heil kultur, og dei blir ofte ståande i spennet mellom det å halde på eigne tradisjonar og det å ta opp i seg nye. «Frakt under Havet» er eit svært aktuelt teaterstykke. Stykket fortel oss noko viktig om det å vere ny i eit land. Vi lever i ei verd der millionar er på vandring, og der utnytting av billig arbeidskraft og misbruk av folk er blitt så daglegdags at vi nærast ikkje reagerer på det lenger.

Prøvene gjekk stort sett som normalt til tross for at den andre smittebølga var på trappene. Vi fekk premiere på stykket og turneen starta, men vi måtte avlyse fire framsyningar i gamle Hordaland. Det er viktig å understreke at i heile denne perioden har ingen på Teater Vestland vorte råka av Covid 19. Etter vår kunnskap har heller ikkje nokon av dei som har sett framsyningane våre vorte smitta. Det har vore trygt å produsere teater og å gå på teater.

Mange born frå Førde og nærområdet har i tidlegare år vore innom scena vår for dei minste, Eventyrrommet. Det vart dessverre ikkje slik i 2020. Desto viktigare var det for oss å både våge og ikkje minst klare å gjennomføre årets storsatsing for born og unge, musikalen «Annie jr.».

2020 var mitt siste år som teatersjef ved Teater Vestland – i Sogn og Fjordane. I heile sjefsperioden min snakka rektor ved Sunnfjord kulturskule, Trude Skarvatun, og eg om at vi burde ha eit samarbeidsprosjekt. Denne draumen vart realisert saman med Danseverkstedet Førde. Musikk, dans og skodespelarkunst frå dei tre institusjonane smelta saman i eit organisk heile i barnemusikalen «Annie Jr.». Teateret stilte med sine ressursar, verkstadar, profesjonelle skodespelarar, regi, scenografi og kostyme. Kulturskulen stilte med prøvelokale, songinnstudering, musikarar og musikalsk leiing. Danseverkstedet stilte med koreograf og dansarar.

På scena stod over 80 born fordelte på to lag. Alt i alt var godt over 100 personar involverte i denne produksjon. Framsyninga vart spelt for fulle hus i storsalen i Førdehuset, i samsvar med smitteverntreglane. Eg er særst stolt over denne produksjonen, som gjekk over eitt år, med prøver for alle dei medverkande, både store og små. Puslespelet som vart lagt for å køyre slalåm rundt dei oppsette covid-19-portane, gjorde det mogleg å nå målet – som var ei framsyning der dei unge talenta fekk blomstre. Ein stor takk til alle dei involverte både framfor, på og bak scena.

2020 vart ikkje det året vi hadde planlagt, men Teater Vestland makta å gjennomføre det meste av det som opphøveleg var tenkt, òg med omsyn til gjestespel, samproduksjonar og lab-prosjekt. Vi var dessverre ikkje innom alle dei 43 kommunane i Vestland, men vi besøkte 23 av dei. Alt i alt besøkte vi 38 ulike spelestader og hadde 138 kunstnarlege framsyningar.

*Trass ein verdsomspennande pandemi har Teater Vestland utført sitt nasjonale oppdrag i år, som i alle år tidlegare, nemleg å produsere og turnere framsyningar av høg kunstnarleg kvalitet.*

Den raude tråden i repertoaret for 2020 har vore å skildre vanlege folk med draumar, gleder, håp og lengslar, men som òg slit med å klare kvardagen, som har sine sorger og føler seg utilstrekkelege – med andre ord liv og død i alle sine nyansar. Eg håper vi dette året òg har gitt kvar og ein ei god oppleving, at vi har engasjert og utfordra store og små, gamle og unge. Teater Vestland skal vere eit teater for alle – dei mange og dei få.

Vi takkar alle arrangørane som tok imot oss i 2020, og ikkje minst dei 10 727 tilskodarane som besøkte teateret i løpet av året, trass Covid-19 og stadig nye smittebølger. Eg vil òg nytte høvet til å takke for meg. 1. januar 2021 gjekk eg av som teatersjef ved Teater Vestland, tidlegare Sogn og Fjordane Teater, for alltid i mitt hjarte. Det har vore gode år. Eg vil takke alle dei tilsette ved teateret og alle tilreisande scenekunstnarar for ein strålende innsats, ikkje berre i 2020, men i alle dei åra eg har fått lov å vere ein del av dette kreative og hjartevarme teateret og fylket. Eg ønsker lykke til vidare. Åra som kjem byr på spennande utfordringar både innom hus og på turné i heile Vestland.

Så kjære alle saman – ta ein titt på den nye logoen til teateret. Då ser de ein som ler og ein som græt, og kanskje ser de dei vestlandske vegane, stoppestadane der teateret stanser opp for å gje nettopp dykk ei ny oppleving. Litt magi framført av levande menneske!

Tvi tvi til dykk alle. Takk for meg!



*Bodil Kvamme*

**Bodil Kvamme**  
Teatersjef

# 100 SONGAR



Norgespremiere 21. februar  
i Førdehuset, Teatersalen  
Framsyingar: 19  
Publikum: 484  
Formidlingsaktivitetar: 1  
Publikum på formidlingsaktivitetar: 27  
Avlyste framsyingar pga COVID-19: 3

**Av** Roland Scimmelpfennig

**Originaltittel** 100 Songs / 100 Sångar

**Omsetjing** Tove Bakke

**Regissør og visuelt uttrykk** Terje Skonseng Naudeer

**Lysdesign** Krystian Myska

**Lyd** Robert Tomkiewicz

**Kostymeansvarleg/rekvisitør** Synnøve Ringdal

**Scenekampinstruktør** Jeff Pedersen

**Bevegleseskonsulent** Emily Read

**Inspisient** Christina Schwanitz

**Colombine teaterforlag**

**Medverkande** Kyrre Eikås Ottersen, Irene Waage,

Idun Losnegård, Jon Ketil Johnsen, Reidun Melvær Berge

og Preben Lillebø Rongve

# PROLOG

«I Skonseng Nauders regi er 100 songar blitt enkelt og virkningsfullt teater, som bringer publikum tett på menneskeliv og eksistensielle spørsmål når det utenkellige skjer»  
«...en enkel, men varm og musikalsk drevet forestilling om menneskeskjebner og livets lydspor når alt går opp i flammer»  
- Norsk Shakespearetidsskrift

«Musikken og minna skapar assosiasjonar til eige liv. Det vert aldri keisamt. Repetisjonar veg opp for det heseblesande tempoet. Det er driv heile vegen, men ingen store, skjellsettande augneblink, alt er på det jamne, sjølv om det jamne er bra. Dei seks på scena gjer eit strålende stykke arbeid, dei er samkørde, og skiftar saumlaust mellom dei svært ulike rollene.»  
- Scenekunst.no

«Energien og innsatsen på scena er imponerende» ... «Tempoet er høgt og dramatikken vert understreka av bilde, lyssetjing og lyd. Og ikkje minst musikk; songar som vi kjenner att«... «Vi fekk noko skremde men også noko svært viktig å tenkje på: - kvardagsmenneska si uendelege sårbarheit, men også integritet og menneskeverd. Det er ein viktig budskap. Takk til Teater Vestland»  
- Fjordingen

«Personane vert fortalde om, og spela på ein slags ambulerande måte, slik at dei som er på scena byter på å fortelja om ulike karakterane. Og det fungerer som berre det! Dei vekslar og byter saumlaust på desse oppgåvene, og det må ha vore eit heilt hovudbrøt å øva alt dette inn, med tanke på kor mange replikkar og kjensler, kroppsspråk og vendingar dei seks skodespelarane må halda styr på. For dei som også er opptekne av handverket som skodespelarkunst faktisk er, så er det imponerende, elegant og stilig gjort.»  
- Avisa Hordaland



**I januar 2020 starta skodespelar Marit Olaus Østbye og regissør og teatersjef Bodil Kvamme prøvene på «Maria, Jesu mor – Påskeevangeliet» av Håvard Rem, den siste monologen i trilogien «Messias». Monologen skulle hatt premiere fredag 13. mars, men som vi veit, dagen før vart landet stengt ned grunna COVID-19. Teatersjef Bodil Kvamme har gjort seg nokre refleksjonar i høve prøveperioden og avlysinga av premiere og turné:**

«Ei teaterprøve er aldri kjedeleg. Og ei teaterprøve med Marit Østbye, som hadde regi på dei to første monologane og no skulle spele Jesu mor, er det motsette av kjedeleg! Det som er unikt med trilogien «Messias», er at Håvard Rem formidlar evangelia gjennom tre ulike, kvinnelege perspektiv: Ei tante som (kanskje) var til stades under Jesu fødsel. Ei ung kvinne som følgde Jesu på vandringane hans. Og til slutt Jesu mor, som står der åleine tilbake, uforståande, kva var det som skjedde? Eit livsløp, ei så dramatisk

historie, at det er uverkeleg å tenke på. Med det er ei historie som er grunnlaget for kristendomen, og også har hatt stor påverknad både på den jødiske og den muslimske trua. Dessverre vart det ei brå avslutning på reisa vår. Generalprøva gjekk av stabelen som planlagt, med 10 publikummarar på annankvar benk bakover i Førde kyrkje. Stor takk til dei som kom og var med på den første og siste framsyninga, det betydde mykje for oss å få ei avslutning på prøveperioden.

Og kjære Marit Østbye: Tusen takk for ein flott prøveperiode og for fine og gode samtalar. Denne framsyninga hadde verkeleg fortent å bli synt fram i heile Vestland, men slik vart det ikkje denne gongen. Du har verkeleg blitt ein del av teaterfamilien vår på Teater Vestland desse fem åra, både i arbeidet med trilogien, men også med andre framsyningar du har vore involvert i. Du er ei stjerne og ei av Norges store kvinnelege skodespelarar, og eg har heile teateret med meg når eg seier at det alltid er ei glede å få jobbe med deg.»

# MARIA, JESU MOR



Generalprøve 12. mars i Førde kyrkje  
Publikum: 10  
Premiere 13. mars i Førde kyrkje, avlyst  
Framsyingar: 0  
Avlyste framsyingar pga COVID-19: 23

**Av** Håvard Rem

**Omsetjing** Asbjørg Lotsberg

**Regi** Bodil Kvamme

**Med** Marit Østbye

**Kostymedesign** Else Lund

# VESTLAND, VESTLAND



Urpremiere i Førdehuset 27. august, Storsalen  
Framsyingar: 50  
Publikum: 5.352  
Avlyste framsyingar pga COVID-19: 2

**Av** Finn Tokvam  
**Regissør** Arvid Ones  
**Komponist** Odd-Erik Lothe  
**Lysdesignar** Krystian Myska  
**Illustratør** Gustav Kvaal  
**Figurmakar** Marte Synnevåg  
**Scenografkonsulent** Olav Myrtvedt  
**Medverkande** Claus Sellevoll og Sigrid Moldestad

Samarbeid med Det Vestnorske Teateret

DET  
VESTNORSKE  
TEATERET



«Under nokre av humorseansane var stykket svært energisk og høglytt, nesten for mykje av det gode. Til gjengjeld var nokre av parodiane reint gull. «Sylfest Lomheim» fekk fram ein djupt forankra, ektefølt latter som det er lenge sidan eg har sleppt ut på offentleg stad. At ein såpass røynd skodespelar som Sellevoll leverer, skal ein forvente. Meldaren blei spesielt overraska over kor tilsynelatande lett folkemusikaren Moldestad glei inn i denne samanhengen. Sjølsagt har breiminga stått sine timar på ei scene med fela i handa, men å levere 70 sider med manus utan å nøle krev noko anna.»  
- Firda

Terningkast 5:  
«Skarpe scener frå et tvangsekteskap.»  
- Bergensavisen

«Frisk komedie fall i smak på Bømlo»... «Skodespelarane Sigrid Moldestad frå Breim og Claus Sellevold frå Alversund hadde publikum i si hule hand, og fekk god applaus spesielt for nydelege musikalske framføringar frå eit underernært teaterpublikum på Bømlo»  
- Bømlo-Nytt

4 av 6 hjarte:  
«Selv om forestillingen har mye på hjertet, og først og fremst tar sikte på å få publikum til å le, er noen av de aller fineste øyeblikkene de som er mest oppriktige, der den grunnleggende fortellerstemmen gjør seg gjeldende, som da en av karakterene understreker at det er ikke snakk om «nostalgi, men verd!» når man snakker om hva vestlendingen har vært og hva hen skal bli.»  
- Bergens Tidende



«Frakt under havet er til å le og gråte av, til å bli litt klokare på det komplekse mennesket, både den som kjem utafrå og på seg sjølv. Nærare to timar utan daudpunkt er ein prestasjon av brennande engasjerte rolleinnehavarar, der ein som tilhøyrar gløymer tid og stad. Vi trur på karakterane, fordi dei sju skodespelarane er gnistrande til stades gjennom heile framsyninga og skapar både ubehag og gode minne. For vi kjenner att typane, vi har ledd av ein Rodolpho, tykt synd på ei Beatrice og prøvd å snakke ein Eddie til rette. Vi har teke vanskelege val og sjølv vegra oss for å sleppe. I alle fall litt.» - **Scenekunst**

«Tida går i frå han, slik ho har gjort for menn før han og vil gjere for menn etter han. Alle kan sjå det, og alle vil finne noko av seg sjølv i Kyrre Eikaas Ottesen si gneistrande tolking av Eddie Carbone, lysande av kjærleik, frådande i fortviling, forderva av å tvihalde på alt sitt.» ... «I den vedvarande, trøyttande småkranglinga mellom ektefellene, går replikkane i rasande, mumlande fart med ein presisjon som berre eit gamalt ektepar eller to skodespelarar som kjenner den andre sin timing og temperatur som sin eigen, kan prestere. I Idun Losnegård si tolking veks Beatrice fram som heltinna i forteljinga, ved stadig å vere faneberar for løysinga; Å lytte. Å snakke. Å møtast på halvvegen.» - **Norsk Shakespearetidsskrift**

# FRAKT UNDER HAVET




Foto: Espen Myrtingnes

Premiere i Førdehuset 30. oktober, Teatersalen  
Framsyingar: 10  
Publikum: 533  
Avlyste framsyingar pga COVID-19: 5

**Av** Arthur Miller

**Originaltittel** A view from the bridge

**Omsetjing** Ola E. Bø

**Regi** Bentein Baardson

**Scenografi og kostymedesign** Siri Langdalen

**Lysdesign** Krystian Myska

**Dramaturg** Bodil Kvamme

**Medverkande** Kyrre Eikås Ottersen, Idun Losnegård, Reidun Melvær Berge, Joakim Thrane, Torfinn Nag, Torgeir Reiten Og Lars Sørbo

**Statistar** Kjell Furevik, Odd Magne Herland og Robert Tomkiewicz

# ANNIE JR.



Premiere i Førdehuset 11. desember, Teatersalen  
Framsyringer: 7  
Publikum: 1.250

Samarbeid med  
Sunnfjord kulturskule  
og Danseverkstedet



Takk til Sparebanken  
Sogn og Fjordane for  
pengegave til Annie Jr.



**Av** Thomas Meehan, Charles Strouse og Martin Charnin  
**Omsetjing** Jostein Avdem Fretland  
**Regissør** Karoline Solbakken  
**Koreografi** Miriam Hjelmeland Førde  
**Scenografi/kostyme** Synnøve Ringdal  
**Lysdesignar** Krystian Myska  
**Musikalsk leiar** Arvid Anthun  
**Sanginstudering** Christine Marøy  
**Lydansvarleg** Robert Tomkiewicz  
**Produsent** Karoline Solbakken  
**Inspisent** Christina Schwanitz  
**Rekvisitør/hår og sminke** Synnøve Ringdal  
**Verkstad** Kjell Furevik, Odd Magne Herland, Halldor Horne, Tore Eide, Atle Øydvig og Anna Wingård ved Teater Vestland

## Team Aisha

**Annie** Aisha Nurdeen  
**Molly** Liv Gjelsvik Tollefsen  
**Kate** Lykke Loftheim Tangedal  
**Tessie** Elina Folland Nielsen  
**July** Ida Sætre Øvrebø  
**Pepper** Jasmin Amelia Førde  
**Duffy** Amanda Kvammen  
**Bert Healy** Elias Norstrand Spijkers  
**Drake** Håvard Nordeide  
**Politimann** Øyvind Mandelid  
**Komande stjerne** Nora Nyhammer-Taklo  
**Annette** Ina Emerense Sandnes  
**Cecille** Louise Tveito  
**Frøken Greer** Annette Holt Øyås  
**Mr Bundles** Bjarne Bergheim  
**Eplesejlar** Isac Johannes Weiseth Vie

## Ensemble team Aisha

Karoline Tidemansen-Berg, Olianna Knapstad, Anna Mikalsen Walaker, Oda Mikalsen Walaker, Johanne Selvik, Ingrid Elise Eide, Ragnhild Marie Bjørkedal, Emerense Sandal, Maria Folkestad, Amanda Hellesteth Furnes, Anette Voltersvik Styve, Synne Håberg, Jenny Oline Spjutøy, Tori Førde Moen, Ingrid Ulvedal, Emeline A. G. Ødegaard, Matilde Skuggen Flaten, Emilie Kongsvik Rømo, Matilde Thingnes, Leah Bergsholm Kvammen, Ingrid Svidal Myhren, Ina Emerense Sandnes, Jenny Elin Lambrechts Sagevik, Tale Kalstad

## Medverkande

**Frøken Hannigan** Idun Losnegård  
**Oliver Warbucks** Kyrre Eikås Ottersen  
**Grace Farrell** Reidun Melvær Berge  
**Rooster** Asbjørn Hagen  
**Lily St. Regis** Tuva Nyhammer-Taklo

**Buster** Vega v/hundetrenar Marianne Elise Methi

## Orkester

Helga Lied Wyrzt, Marita Holme, Roger Holme, Helge Haukås, Trude Skarvatun, Mari Therese Martinussen, Kjetil Høidal, Dimitar Stoianov, Arne Hammer, Jacob Wyrzt, Noemi Utasi, Henri G Eftevand, Hans Holgersson, Harald Løkeland

## Team Ane

**Annie** Ane Fitje Woxen  
**Molly** Sigrid Haug  
**Kate** Solveig Ørstavik  
**Tessie** Astrid Sandsund-Lie  
**July** Solveig Råsberg Larsen  
**Pepper** Tiril Smørdal Sørland  
**Duffy** Nora Nyhammer-Taklo  
**Bert Healy** Elias Norstrand Spijkers  
**Drake** Håvard Nordeide  
**Politimann** Øyvind Mandelid  
**Komande stjerne** Nora Nyhammer-Taklo  
**Annette** Ina Emerense Sandnes  
**Cecille** Louise Tveito  
**Frøken Greer** Ina-Marie Farsund Gjerde  
**Mr Bundles** Bjarne Bergheim  
**Eplesejlar** Johannes Pil Prestøy Sandsund

## Ensemble team Ane

Emma Haug, Elise Haug, Hella Höllige, Ella Margrete O. Grønfor, Hanna Mielnik, Margrete Slåtten, Linnea Kjæmpenes, Martine Jamaris Huus, Lina Karin Svoen Hansen, Jenny Ask Ringstad, Synne Hafstad Mannebrekke, Iselin Laukeland Vallestad, Martine Mehl Bendiksen, Olivia Hafstad, Malin G Gjørøy, Angelica Berg Helgås, Christina Tennebø, Maria Særgrov, Emma Skudal Sunde, Hedda Varøyststrand, Tale Kalstad, Ina Emerense Sandnes, Alva Vidia Erviksæter





## KULTURTILHENGAR

# VINJE, VÅR MANN

Mai / juni 2020

Framsyningar: 4

Publikum: 165

Vi nytta koronasituasjonen til å tenke nytt. Saman med Sunnfjord kommune og Sunnfjord kulturskule sende vi «Vinje, vår mann» på kulturtilhengar-turné til omsorgs-senter i Sunnfjord. Vi besøkte Førde, Naustdal, Bygstad og Vassenden, og vi spelte utanfor dei ulike bygningane med god og trygg avstand til bebuarane. Sunnfjord kommune og Førdehuset stilte med tekniskar, bil og tilhengar, og Sunnfjord kulturskule stilte med musikkar Jacob Wyrzt. Framsyninga var gratis.

**Med** Kyrre Eikås Ottersen

**Musikkar** Jakob Wyrzt

**Teknikar** Anders Bruland





## SOMMARLESKAMPANJE

# DET USYNLEGE BARNET

August / september 2020

Tal framсыningar: 7

Tal publikum: 355

Årets sommarleskampanje var ein suksess. Teateret var så heldige å få vere med på fleire av avslutningsfestane på biblioteka. Skodespelar Reidun Melvær Berge hadde med seg framсыninga «Det usynlege barnet» til stor glede for mange born i Sogn, der vi besøkte biblioteka i Årdal, Lærdal, Aurland og Vik.

**Med** Reidun Melvær Berge

**Av** Tove Jansson

«Framsýninga var rørende både for vaksne og for barn, og det vart klart for alle at barn aldri kan vere usynlege.»

– Firda



# SLÅTTEKAR I HIMMELEN

Turnéperiode: 29. okt-1. nov

Framsyningar: 3

Publikum: 546

**Av** Edvard Hoem

**Dramatisering av** Kristian Lykkeslet Strømskag

**Regissør** Bentein Baardson

**Scenograf** Arne Nøst

**Kostymedesigner** Ingrid Nylander

**Videodesigner** Reidar Andreas Richardsen

**Lyddesignar** Nils Wingerei

**Lysdesignar** Torkel Skjærven

**Dramaturg** Carl Morten Amundsen

## Skodespelarar

Jon Bleiklie Devik, Kjersti Botn Sandal (Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane)/ Heidi Gjermundsen Broch (Oslo), Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen, Julie Støp Husby, Svein Roger Karlsen, Unn Vibeke Hol, Andreas Koschinski Kvisgaard

TE  
ATRE  
TVÅRT

DET  
NORSKE  
TEATRET



# ALLE HAR EN LITEN DØR BAK ØRET

Turnéperiode: 17.-20. november

Framsyningar: 11

Publikum: 210

Formidlingsaktivitet: 1

Publikum på formidlingsaktivitet: 50

**Manus og idé** Annlaug Børshem og Vibeke Flesland Havre

**Musikk** Annlaug Børshem

**Tekstar** Per Olav Kaldestad, Gro Dahle, Christian Løchstør, Ruth Lillegraven, Synne Lea og Svein Nyhus

**Scenograf:** Mari Watn

**Lysdesignar** Silje Grimstad

**Co-produsent** Cornerteateret i Bergen

## GJESTESPEL PÅ TURNÉ

— Sjølv dei mest aktive borna finn ro i universet vårt, seier folkemusikar Annlaug Børshem og skodespelar Vibeke Flesland Havre – sjølve ganske så rolege der vi finn dei utanfor teatersalen med mjølkerull og kaffi.

Dei to står bak «Alle har en liten dør bak øret», ein teaterserie i åtte episodar. Episodane er enkeltståande, og ein treng ikkje å sjå dei saman eller i ei viss rekkefølge. Nesten eitt år tok det å utvikle konseptet som no er på ein liten turné til Sandane, Florø og Førde.

— Vi ser på det som eit laboratoriearbeid. Vi ønsker å sjå kor rolege vi kan gjere framsyningane utan å miste borna av lasset og at dei blir rastlause. I dag får dei fleste born uhorveleg masse input, og alt går så fort. Vi tar eit par steg tilbake og opplever at borna landar og finn ro, seier dei. I «Alle har en liten dør bak øret» blir dei yngste kjende med ny, norsk poesi gitt ut etter år 2000. «Bli med oss og ta ein pause frå planeten» skriv ein av lyrikarane,

Christer Løchstør, og den setninga er nærast blitt ei programerklæring for Annlaug og Vibeke. I utgangspunktet var teaterserien meint for dei aller yngste mellom to og seks år, men det viser seg at den treffer eldre born også. Det er ganske store tema som blir tatt opp.

— Vi spelte på Karmøy, og der var det ein familie med to born, ein son på rundt fire år og ei dotter på rundt åtte år. Etterpå tok vi ein prat med dei og spurde kva framsyninga hadde handla om. «Ein hund som var sint og ein katt», svarte yngstemann. «Det handla vel litt om oss menneske også, for du mamma kan jo bli sønn som hunden av og til», svarte eldstejenta, og det har ho heilt rett i. Alle kan bli sinte, alle kan bli lei seg og alle kan bli forelska.

Annlaug Børshem spelar fele og gitar og har komponert musikk til fleire av dikta. Framsyninga er som ein liten konsert.

— Og er det noko både born og vaksne kan trenge i denne tida, så er det ein liten konsert, seier dei to.



**Med nedstenging av landet og strenge restriksjonar måtte teateret tenke nytt for å formidle dei gode historiene, og som resten av bransjen heiv vi oss rundt og utforska digitale plattformer med ulike strøymingar. Kanalen for strøyming vart Facebook. Sjølv om det er kjekt å ha ein digital plass å treffe publikum, kan det aldri erstatte det levande møtet mellom skodespelarar og tilskodarar.**

### DIGITALE STRØYMINGAR PÅ FACEBOOK

27. mars formidla Reidun Melvær Berge historia om «Det usynlege barnet» av Tove Jansson

3. april formidla skodespelar Idun Losnegård novella «Far steller heime» frå boka «Farskap og andre forteljingar om fedrar», skriven av hennar eigen far Rolf Losnegård.

22. april formidla skodespelar Reidun Melvær Berge historiene om «Den forelska frosken» og «Frosken vert redd» av Max Velthuijs.

29. april formidla skodespelar Reidun Melvær Berge historiene om «Frosken og fuglesongen» og «Frosken om vinteren» av Max Velthuijs.

### GEITEJAZZ – DIGITAL VISING



Geitejazz var produsert i 2019 i samarbeid med Sunnfjord kulturskule, og det var planlagt ein DKS turné våren 2020. Denne turneen vart avlyst, men framsyninga med skodespelar Idun Losnegård og distriktsmusikar Jakob Wyrzt vart spelt inn og vist digitalt i dei skuleklassane som det var planlagt turné for.

### KULTURBARN

Saman med Sunnfjord kommune samarbeider Teater Vestland om prosjektet «Kulturbarn 0-8 år», i regi av Kulturtanken. Sunnfjord kommune er ein av seks kommunar i landet som er plukka ut til å vere med i dette prosjektet, som har eit overordna mål om å finne måtar å nytte kunst- og kulturfagleg kompetanse på tvers av institusjonar. Ønsket er at ein saman skal bidra til auka kvalitet og omfang av barn sine møter kunst og kultur, og auka forståing og engasjement knytt til kunnskapen om effekten av desse møta knytt til folkehelse og livsmeistring.

I Sunnfjord er det i første omgang plukka ut 4 barnehagar som skal få eit breitt fagleg tilbod og oppfølging både litterært og kunstfagleg, med historiene om Frosken, av Max Velthuijs, som ramme.

Teater Vestland sitt bidrag i prosjektet er høgtlesing av desse historiene i barnehagane. Koronavåren gjorde at planane måtte endrast noko, men gjennom digitale løysingar har teateret fått formidla 4 fine historier til barnehagane.



## DIALEKTOVERGANG

I Teater Vestland sitt årlege Lab-prosjekt vert det forska i sceniske tekstar og uttrykk, og i år fokuserte vi på dialekt- overgang og språk for skodespelarar.

I språket vårt ligg både identitet og historie. Korleis vi snakkar, heng saman med kor vi kjem frå. Kva slags ord vi vel å nytte, heng saman med kven vi er, og orda speglar identiteten vår. Teater Vestland jobbar alltid på nynorsk og dialekt, og det vert forventa at ein skodespelar skal kunne kaste seg rundt og kle på seg ei ny språkdrakt dersom regissøren ønsker det.

Kanskje passar det betre at karakteren er frå Stongfjorden enn frå Jølster? Til årets Lab-prosjekt inviterte vi Eldbjørg Lognvik til Førde. Lognvik er logoped og har mange års erfaring som stemme- pedagog ved Kunsthøgskolen i Oslo, Teaterhøgskolen. Ho har halde stemme- kurs, drive stemmebehandling og rettleia i stemmebruk innanfor film, teater og private og offentlege verksemdar. Eldbjørg introduserte sin metode for dialektovergang for skodespelarane våre Kyrre, Idun og Reidun, og dessutan for inspisient Christina.



Foto: David Zedig

## FJALERFESTIVALEN

### DESIBEL: RØYST – HØYRESPEL FOR FJORDEN

– Med fjorden som scene.

«Røyst – høyrspel for fjorden» var eit bestillingsverk til teaterfestivalen i Fjaler. Då koronakrisa ramma, vart tre dramatikarar og to komponistar inviterte til å gå saman kvar for seg, om å lage eit høyrspel for Desibel\* - verdas største mobile hornhøgtalar. Publikum fekk oppleve verket frå båt i Dalsfjorden. Dramatikarane Mari Hesjedal, Camara Lundestad Joof og Emma Crowe er tre unike og sterke stemmer i norsk og britisk dramatik, som skriv frå kvar sitt perspektiv. I arbeidet med «Røyst» har dei, etter tur, vore på skriveopphald i Vevring i Sunnfjord, der hornet har sitt opphav. Tekstane er tonesett av komponistane Sjur Miljeteig og Terje Isungset. Tekstane vart formidla av dei tre skodespelarane ved Teater Vestland: Idun Losnegård, Reidun Melvær Berge og Kyrre Eikås Ottersen.

Sandsund løftar fram samarbeidet med Teater Vestland som avgjerande for å arrangere teaterfestivalen. — Vi er heilt avhengige av hjelpa frå teateret, mellom anna med utlån og frakting av utstyr. I år stiller dei også med framsyninga «Det usynlege barnet» med Reidun Melvær Berge i Stjernetårnet, seier Sandsund.

**Framsyingar:**

**Desibel/Røyst**

Visningar: 3

Publikum: 90

**Det usynlege barnet**

Visningar: 4

Publikum: 34



## HAUSTRESIDENS JØLSTER HOTEL

Jeff Pedersen Productions

Regissør Jeff Pedersen og fem dansarar var to veker på Teater Vestland for å øve inn den ordlause danseframføringa Jølster hotell, som hentar inspirasjon frå Katrine Sele si bok med same namn.

Stykket er basert på verkelege personar. Det går føre seg innanfor den daglegdags settinga rundt matbordet ut ifrå tanken at det å «sende saltet til nokon» i vidare forstand skaper eit inkluderande samfunn.

Periode: 6.-19. november  
Framsyingar: 5  
Publikum: 139

Dansarane lagar sjølve dei musikalske rytmane med alt frå asjett til dunk mot bordflata. Dei har flyktningars traume målte utanpå kroppane sine, og publikum sit på alle fire sidene av boksen midt på scena, eit asylmottak utan dører.

Teater Vestland støttar arbeidet i det frie scenefeltet med å låne ut lokale, teknisk utstyr med meir til frigrupper.



SOMMARRESIDENS Periode: Juli/august

## SOLA - The Krumple

I tre veker hadde teaterkompaniet Krumple residens i dei ferietomme lokala til Teater Vestland.

Krumple jobba med den første solo-framsyinga i kompaniets historie, "Sola". Hovudpersonen Frank Sola er ein stakkarsleg karakter som lever på botnen av samfunnet og prøver å finne tilbake til verdigheita si. Arbeidet med stykket skjer ikkje isolert frå resten av samfunnet. Når COVID-19 gjer at heile verda går i lockdown, så går Frank Sola (under utvikling) også i lockdown. Meir òleine enn nokosinne, i lag med alle andre; paradokset som korona gir oss. No er Frank Sola ute av heimeisolasjon og har tilbragt dei siste tre vekene i sommarresidens på Teater Vestland.

Frank Sola kjem på scena i ein dress sydd av dørmatter. Slik er han blitt; eit menneske som ligg på bakken og lar seg trakke på. Men Frank Sola tar tak i offerrolla og snur om på livet. Det skjer ei frigjer, og arbeidet i residensopphaldet

i Førde går ut på å finne ut korleis denne frigjeringa skal skje.

I 2013 etablerte vart teaterkompaniet Krumple etablert, og dei har turnert internasjonalt med fleire prisbelønte framsyingar. Det er ikkje første gong frigruppa jobbar med stykket i Førde. For nesten to år sidan hadde dei tilgang på øvingslokale til forprosjektet. I år har dei fått låne lokale og utstyr - samt bustad og sykklar - gratis. Den tre veker lange prøveperioden vart avslutta med ei vising for dei tilsette på teateret. Premieren er sett til 2021.

— Vi frilansarar er heilt avhengige av at institusjonsteatera slepper oss inn i varmen. Det er verdifullt for oss å få tilgang på gode lokale med alt det utstyret vi treng. Det gjer at vi kan sysselsette fleire og har med oss teknikarar med meir til Førde. Teater Vestland blir ein møtearena, seier Oda Kirkebø Nyfløtt, dramaturg på stykket.

## STATISTIKK

### Framsyningar og publikumstal

	Besøkstal	Framsyningar	Formidlings- arrangement
<b>Eigenproduksjon</b>			
100 songar	511	16	1
Maria, Jesu mor – Påskeevangeliet	10	1	
Frakt under havet	533	10	
Annie JR	1250	7	
Vinje, vår mann	165	5	
Det usynlege barnet	389	11	
Nordavinden	18	1	
<b>Gjestespel</b>			
Alle har en liten dør bak øret	260	11	1
Slåttekar i himmelen	546	3	
Jølster Hotell	139	5	
<b>Samproduksjonar</b>			
Vestland, Vestland (TVL)	5352	50	
Vestland, Vestland (DVT)	1210	10	
<b>Samarbeidsprosjekt</b>			
Røyst	90	3	
<b>Anna aktivitet/digitale tal</b>			
Geitejazz – digital vising	254	5	

### Nøkkeltal

Tal framsyningar	138
Totalt publikum	10 727
Tal publikum på eiga scene	3 137
Tal publikum på turne	5 959
Tal digitalt publikum	254
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	10 650
Tal formidlingsarrangement	2
Tal publikum på formidlingsarrangement	77
Tal framsyningar på eiga scene	38
Tal framsyningar på turne	82
Tal ulike spelestader	38

### Avlysingar og endringar

Covid-19 pandemien førte til mange endringar og avlysingar i løpet av året:

100 Songar	3 avlysingar
Maria, Jesu mor	23 avlysingar
Forfattersamtale med Håvard Rem	3 avlysingar
Geitejazz	5 avlysingar, gjort om til digital vising
Prosjekt kulturbarn	4 avlysingar, gjort om til digital vising
Kinnaspelet	4 avlysingar
Nordavinden	1 avlysing
Vestland, Vestland	2 avlysingar
Vestland, Vestland (DVT, Logen)	3 avlysingar
Frakt under havet	5 avlysingar
Guten som lurte Stallo	Avlyst prøve- og speleperiode
Per Sivle	Avlyst prøve og speleperiode

# NYNORSKHUSET I FØRDE

## Eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur

I samarbeid med NRK Vestland og Firda Media lyste Teater Vestland i 2020 ut konkurranse om å leige nye lokale i det som skal verte Nynorskhuset i Førde. Visjonen for samarbeidet er at Nynorskhuset skal verte eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur, eit klyngemiljø av kunst- og kulturorganisasjonar, eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Huset rommar kunst- og mediebedrifter med det nynorske språket som felles overbygg. Nynorskhuset har nye, innovative satsingar som gjer Sunnfjord til eit nasjonalt tyngdepunkt innan nynorsk kultur- og medieformidling. Nynorskhuset er sentralt for å sikre fornying og utvikling av Teater Vestland i tida framover.

### VISJON

Nynorskhuset i Førde skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Ved å samlokalisere ei rekke kultur- og medieaktørar, vil Nynorskhuset utvikle ei motvekt til forvitringa av det nynorske språket. Det kombinerte kultur og mediehuset i Førde startar med over 100 arbeidsplassar og blir den største nynorsklynga i landet. NRK, Firda og Teater Vestland blir dei største aktørane i dette klyngemiljøet.

### MOTVEKT

Det norske språket er under press. I 1986 vart åtte av 10 masteroppgåver skrivne på norsk, i 2016 var talet redusert til fem av ti, syner ei fersk gransking frå NIFU. 12 prosent av grunnskuleelevane i Noreg har nynorsk som hovudmål når dei tek til på skulen. Før dei forlet den vidaregåande skulen, er prosenten redusert til seks, syner statistikk frå Utdanningsdirektoratet for skuleåret 2016-2017. Granskingar viser at elevane skifter målform fordi nesten alt dei les er på bokmål. Meir nynorsk i media, større merksemd om den nynorske litteraturen og eit styrka nynorskteater kan bli ei viktig motvekt til denne utviklinga.

### NYNORSK GRUNNFJELL

Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. I gamle Sogn og Fjordane hadde 97 prosent av grunnskuleelevane nynorsk som hovudmål og held i stor grad på målet sitt gjennom vidaregåande skule. Derfor er Førde ein naturleg og solid ståstad for fremjing av nynorsk språk og kultur. I 2015 kåra Kulturdepartementet Førde til årets nynorskby for arbeidet med å styrke den språklege kvaliteten og identiteten i Førde. Same året gjorde Sentio Research ei gransking for Riksmålsforbundet, som viste at rundt 600.000 menneske har nynorsk som skriftspråk.

### NYNORSK FYRTÅRN

Det kombinerte medie- og kulturhuset blir det første av sitt slag i landet og eit fyrtdårn for det ekte norske språket som Ivar Aasen fann og utvikla for 170 år sidan. Ambisjonen i Førde er at nynorskhuset skal romme eit mangfald av mediebedrifter og kulturinstitusjonar med det nynorske språket som felles himmel. Dei som deler denne ambisjonen er NRK Vestland (Sogn og Fjordane), avisa Firda, Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane Teater), NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avis-senter. Visjonen er å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane.

# TEATERET FÅR NY VISUELL INNPAKNING

**I arbeidet med å forme ny logo har teateret utforska smil, tårer og trappetroll. I overgangen frå Sogn og Fjordane Teater til Teater Vestland har vi på teateret sett oss ned og verkeleg studert oss sjølve i lag med det lokale designstudioet Univerket, som står bak utforminga av ny logo og visuell innpakning. Arbeidet med å sette ord og bilde på kven vi er og kva vi vil formidle har vore både interessant og inspirerende.**

*Ei aldri så lita assosiasjonsordbok for lesing av denne teksten.*

*Teatermaskene: Den eine symboliserer komedie, den andre symboliserer tragedie, og saman symboliserer dei teateret. Med stilisert forenkling av kjensler speglar maskene ytterpunkta i scenekunsten, men også ytterpunkta i det menneskelege registeret.*

*Trappetroll: Spiralforma leike som kan «gå ned» trapper. For eit barnesinn kan det gjerne synast som om fjøra er styrt av trolldomskraft, men som vaksen veit ein at det er gravitasjonen som er i sving.*

## **Kven er det som støtt og stadig er på veg med smil og tårer i lasta?**

I meir enn førti år har vi frakta teateret ut til små og store tettstadar rundt omkring i heile fylket. Gong på gong har vi vist at inga utfordring er for stor - og ingen tunnel for trong - når det gjeld å skjøtte samfunnsoppdraget vårt. Turen har gått langs snirklete vegar med og utan gulstripe.

Over fjell og gjennom fjell, attmed fjordar og gjennom trolske skogar, og om bord i ferjer som rir på bølgekammene. Transporten har stogga snart her og snart der; i bygder som har vore med på å forme det norske industrieventyret, og i kommunar som har fleire holmar og skjer enn folk. Raust har vi dryst smil og tårer over innbyggarane.

Vi er det teateret i Norge som turnerer mest med større framsyningar på nynorsk. Kwart år legg vi bak oss mellom 4000 og 5000 kilometer, ei strekning som tilsvarer Førde-Paris fram og tilbake. Det gjer oss unike i nasjonal samanheng.

## **Kven er det som er i ferd med å vekse seg inn i endå større sko?**

1. januar 2020 skifta vi namn til Teater Vestland. Stortinget bestemte at fylkeskartet skulle teiknast på nytt, og at Sogn og Fjordane og Hordaland skulle bli eitt under namnet Vestland. Arealet vart dobla, og folketallet bortimot femdobla.

Med det nye namnet ønsker vi å seie klart og tydeleg at vi er turneteateret for alle i heile Vestland. Målet er at alle bygder, tettstadar og byar i det nye fylket skal få høyre sitt eige språk frå scena. Det gir sjølvkjensle å høyre heime i sitt eige språk, og vi vil bidra til å styrke samhaldet og å finne den felles kulturen som knyter vestlendingane saman i dag og i morgon.

Denne viljen og evna til å fornye oss heng saman med at vi har lang erfaring og høg kompetanse. Med kvalitet i alle ledd har vi skapt noko av varig verdi, som ein god klassikar. Men vi har også finstemt samtidsdramatik i oss. Vi er djerve. Vi er på veg inn i den nye tida med voldsom kraft. Vi er relevante. Og aldri så lite elegante.

## **Kven er det som ved eit trylleslag skaper nye univers og blir hos deg lenge etterpå?**

Ordet «magi» blir ofte nemnt når ein snakkar om teateret. På eit filosofisk plan bygger magi på ein idé om at likt får fram likt, og at ting som har vore i kontakt, verkar på kvarandre også etter at kontakten er broten. Teateret har ei eiga evne til å trylle og tiltrekke. Og det er grunnar til at det er slik.


Skodespelarane går på scena og har berre denne stunda til å komme i kontakt med publikum. Skodespelarane er så nære publikum at det kjennest som om ein kan ta på dei, og eventuelle feiltrinn kan ikkje redigerast i ettertid. Det skaper ei eiga nerve.

Kvar på sin kant gjer skodespelarane og publikum seg klare til dette møtet. Bakanfor scena held skodespelarane på å sminke seg og førebu seg til framsyninga, og framfor scena strøymar det på med folk som har kjøpt billett og gler seg.

Å gå på teater er ikkje kvardags, og i ei tid der mange sit framfor kvar sin skjerm, kan det også seiast å vere mangelvare; dette å ha noko å samlast om på tvers av både miljø og generasjonar. Det gjer noko med ein som menneske, og det gjer noko med samhaldet.

## **Teateret set spor**

Viss du studerer nye logoen vår, så ser du kanskje munnen som smiler og munnen som gret. Kan hende ser du strekane i trappetrollet, eller stripene langs snirklete vestlandsvegar. Du drar gjerne kjensel på det raude frå teateret, det grøne frå Vestlandet og det sølvskimrande stjernestøvet. I beste fall ser du den same magien som vi ser.



## STYRET SI ÅRSMELDING 2020

Frå 1 januar 2020 endra Sogn og Fjordane Teater namn til Teater Vestland og med dette markerte teateret ein ny epoke. Teater Vestland driv teaterverksemd i heile Vestland fylke og held til i Førde i Sunnfjord kommune. Teateret er ein naturleg del av Vestland sitt kulturtilbod og når ut til innbyggjarane med nynorsk scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet. I 2020 utvida teateret turneområdet og spelte framсыningar også i «Hordalandsdelen» av Vestland. Vi har nådd nye publikummarar og starta ei langsiktige satsing som turneteater i heile Vestland.

I 2020 viste teateret 138 framсыningar, vitja 38 spelestadar og presenterte 7 eigenproduksjonar. I Førde spelte vi 38 framсыningar, resten vart vist på turné.

Trass ein verdsomspennande pandemi har Teater Vestland utført sitt nasjonale oppdrag ved å produsere og turnere framсыningar av høg kunstnarleg kvalitet i nynorsk språkdrakt. Sjølv i eit år prega av fleire avlysingar og strenge smitteverntiltak møtte publikum opp på framсыningane våre, og totalt hadde teateret 10 727 tilskodarar i 2020.

Særskilt i eit år med mange restriksjonar er ikkje talet på besøkande slik vi hadde planlagt. Like fullt er vi stolte over at så mange fann fram til teatersalen, og det er med optimisme vi noterer oss publikum og pressa si interesse for Teater Vestland sin aktivitet. Vi legg vekt på å arbeide langsiktig med publikumsutvikling og er opptekne av korleis besøkstala utviklar seg over tid, medvitne om svingingar frå år til år.

DKS er ein viktig samarbeidspartnar for teateret. Av dei to prosjekta vi hadde planlagt for i DKS i 2020 vart eitt gjort digitalt, medan eitt vart avvikla som normalt, men med færre elevar i salen grunna smittevern. Teater Vestland hadde også i 2020 fleire andre samarbeidspartnarar,

mellom anna Det Vestnorske Teateret, Vestland Fylkesbibliotek, Sunnfjord Kulturskule og Danseverkstedet i Førde.

I samarbeid med NRK Vestland og Firda Media lyste Teater Vestland i 2020 ut konkurranse om å leige nye lokale i det som skal verte Nynorskhuset i Førde. Visjonen for samarbeidet er at Nynorskhuset skal verte eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur, eit klyngemiljø av kunst- og kulturorganisasjonar, eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Huset rommar kunst- og mediebedrifter med det nynorske språket som felles overbygg. Nynorskhuset har nye, innovative satsingar som gjer Sunnfjord til eit nasjonalt tyngdepunkt innan nynorsk kultur- og medieformidling. Styret understrekar at Nynorskhuset er sentralt for å sikre fornying og utvikling av Teater Vestland i tida framover.

2020 var Bodil Kvamme sitt siste år som teatersjef og styret vil takke for 5 utviklande år i teateret si historie. Kvamme har løfta fram viktige stemmer og knytt teateret sterkare til publikum i heile fylket. Ho har på ein framifrå måte handtert Covid 19 pandemien. Det er gjort grundige vurderingar med omsyn til vern av tilsette og publikum, og samstundes har framсыningar nådd publikum. Styret takkar teatersjefen og alle medarbeidarane for innsatsen i eit spesielt krevjande år.

Styret gler seg over ein god relasjon til eigarane og takkar for samarbeidet med tilskotspartane og samarbeidspartnarar som har bidrege til teateraktiviteten i 2020.

### ØKONOMI

Rekneskapa for 2020 syner eit overskot på kr 1 826 024, og resultatet er såleis kr 1 312 024 betre enn budsjettet i 2020. Budsjettavviket skriv seg mellom anna frå lågare turnekostnader og personalkostnader i 2020.

Billettinntektene var kr 1 902 138 og samla driftsinntekter var kr 32 893 855. Av dette er 5,9% eigeninntekter,

som er om lag det same som i 2019 og 2018. Sparebankstiftinga løyvde kr 100 000 til «Annie Jr.», eit samarbeidsprosjekt med Sunnfjord Kulturskule og Danseverkstedet i Førde. Tilskotet er delt mellom partane og gjorde det mogleg å ha med orkester til stor glede for publikum og aktørane.

Resultatet i 2020 styrker eigenkapitalen til teateret som per 31.12.2020 er 5.2 millionar kroner. Pandemien har bydd på ekstra utfordringar i 2020. Planlegging og gjennomføring av godt smittevern for både publikum og tilsette har vore tidkrevjande, og det har vore vanskeleg å drive langtidsplanlegging.

I statsbudsjettet for 2021 kom gladmeldinga frå Kulturdepartementet om at satsinga på Nynorskhuset i Førde er auka med 600 000, og styret vil følge arbeidet med realisering av prosjektet tett framover.

Teateret har innskotsbasert pensjon og ny AFP-ordning og forplikingar i lukka offentleg pensjonsordning hos KLP. Pensjonskostnadene vert ført etter kontantprinsippet i tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter, og er omtalte i eigen note i årsrekneskapa (note 5). Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda.

### PERSONALE

Teateret hadde 21 fast tilsette og to personar på åremål i 2020. Gjennom året var det engasjert vikarar og frilanspersonale som til saman utgjorde 8 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2020 var 31. 2020 var Bodil Kvamme sitt femte og siste år som teatersjef. Cecilie Grydeland Lundsholt tok til som teatersjef 1.1.2021 og har i 2020 arbeidd deltid med programmering av 2021.

Teateret arbeider systematisk for å redusere risiko og legge til rette for eit godt arbeidsmiljø. Ein viktig del av arbeidet med helse, miljø og tryggleik er teateret sin avtale

med bedriftshelsetenesta Avonova. Totalt sjukefråvær i 2020 var 447 dagar som svarar til 5,9% av total arbeidstid. Teateret har eigne, interne rutinar for oppfølging av sjukemelde. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2020.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 14,6 årsverk kvinner og 16,2 årsverk menn. Av vitskapeleg og kunst- og kulturfagleg personale brukte teateret 8,6 kvinnelege og 12,2 mannlege årsverk i 2020. Styret består av to menn og tre kvinner. Av varamedlemmene til styret er 5 kvinner og 2 menn. Ved tilsetjing prøver teateret å utjamne eventuell ubalanse mellom kjønna.

Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet ved teateret. Det er lagt til grunn tydelege presiseringar i interne retningslinjer og null toleranse for all form for trakassering og diskriminering.

#### EIGEDLAR OG MILJØ

Teater Vestland leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset av Sunnfjord kommune. Det vart signert ei ny leigeavtale med kommunen i 2018, som gjeld til og med 2023. Det er avtalt kortare leigetid enn tidlegare grunna arbeidet med å greie ut flytting til det planlagde Nynorskhuset i Førde.

Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret mot at teateret gjer vedlikehald av bygningen. Huset vert nytta som bustad til engasjert, tilreisande personale. Teateret leiger òg eit fjernlager i Førde. Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde, ein lastebil og ein person/varebil. Elles leiger teateret fleire transportmiddel og bustader der det er behov for det.

Det er gjort fleire investeringar i 2020, blant anna i lysutstyr til turné, oppgradering av maskiner til kostyme-produksjon og videokonferanseutstyr. Investeringane i nytt lysutstyr aukar kvaliteten for publikum og effektiviserer turneverksemda. Investeringsbehov vert vurderte kvart år i samband med budsjettarbeidet. Scena i Førde og trosse-riggen til turné vert sertifiserte kvart år. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2020.

Teateret har halde fram med å leige og låne ut teknisk utstyr, kostyme og lokale til lag, organisasjonar, skular og teatergrupper. Teateret sitt personale bidreg òg med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillige der det lét seg gjere. I år har det naturleg nok vore mindre av denne typen aktivitet grunna pandemien.

Teateret si drift forureinar ikkje det ytre miljøet i vesentleg grad og teateret har i all si verksemd som mål å vere miljøbevisst. Teateret deltek i Norsk Teater og Orkesterforening sitt arbeid med «grønt veikart for kultur». Ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir miljøbevisste.

#### SELSKAPSFORM OG STYRET

Teater Vestland er organisert som AS og har ein aksjekapital på kr 100 000,- bestående av 10 aksjar a kr 10 000. Alle aksjane har like rettar og er fordelte med 8 aksjar hos Vestland fylkeskommune og 2 aksjar hos Sunnfjord Kommune.

#### VIDARE DRIFT

Styret vurderer det slik at teateret har overhalde føresetnadane knytte til dei offentlege tilskota, og at både resultat og måloppnåing er tilfredsstillande. Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 4. mai 2021

Siri Eide

Jorunn Tølling

Kåre Eide

Kristian Myden

Cecilie Gundersen

## RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2020	2019
Billett og programsal		1 902 138	1 686 021
Anna salsinntekt	13	50 290	48 500
Driftstilskot	7	30 941 427	28 386 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>32 893 855</b>	<b>30 120 521</b>
Materialkostnad		588 696	601 927
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 189 760	1 703 069
Kostnad vedk. lokale	10	2 121 727	2 148 499
Lønskostnad	5, 6	21 225 772	21 462 693
Avskrivning	1	1 020 235	617 851
Annen driftskostnad	6	4 876 120	4 198 746
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>31 022 309</b>	<b>30 732 785</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 871 546</b>	<b>-612 264</b>
Renteinntekt		1 222	2 158
Rentekostnad		-46 744	-47 080
<b>Årsresultat</b>		<b>1 826 024</b>	<b>-657 186</b>
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		1 826 024	0
Overført frå annan eigenkapital		0	657 186
<b>Sum disponert</b>		<b>1 826 024</b>	<b>-657 186</b>


## BALANSE PR. 31.12.


	Note	2020	2019
EIGEDELAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	1	600 000	600 000
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	4 921 250	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	1 936 889	2 490 265
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>6 858 139</b>	<b>7 411 515</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Eigenkapitalinnskot KLP	5	655 038	655 038
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>655 038</b>	<b>655 038</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>8 113 177</b>	<b>8 666 553</b>
Omløpsmiddel			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	11,12	633 462	391 938
Andre fordringar	8	31 726	201 223
<b>Sum fordringar</b>		<b>665 188</b>	<b>593 161</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	1 319 984	1 172 054
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>1 985 172</b>	<b>1 765 215</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>10 098 349</b>	<b>10 431 767</b>


	Note	2020	2019
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	100 000	100 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annan egenkapital	3	5 119 968	3 293 944
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>5 119 968</b>	<b>3 293 944</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>3</b>	<b>5 219 968</b>	<b>3 393 944</b>
GJELD			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12	0	2 506 751
Leverandørgjeld		346 336	669 789
Skuldige offentlege avgifter		1 421 619	1 676 904
Anna kortsiktig gjeld	9	3 110 426	2 184 380
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>4 878 381</b>	<b>7 037 823</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 878 381</b>	<b>7 037 823</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>10 098 349</b>	<b>10 431 767</b>


Førde, 4. mai 2021

  
Harald M. Østrem  
styreleder

  
Jørn E. Eggen  
medleia

  
Kåre B. Sjøberg  
medleia

  
Kristian Myklebust  
medleia

  
Cecilie Gundersen  
teaterleder

## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2020

### REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

#### Inntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

#### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000.

Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

#### Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigedelar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigedelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

#### Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

#### Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

### Note 1 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygningsinnreng	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	80 000	2 696 069	299 820	2 699 971	1 751 032	17 847 840
Tilgang		20 000		119 994	326 866		466 860
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 696 069	419 814	3 026 837	1 751 032	18 314 699
Akk. avskrivningar 31.12.			2 024 325	220 088	2 061 417	1 751 032	6 056 862
<b>Balansført verdi pr. 31.12.</b>	<b>4 921 250</b>	<b>100 000</b>	<b>671 744</b>	<b>199 727</b>	<b>965 420</b>	<b>-</b>	<b>6 858 139</b>
Avskrivningar i år	0	-	532 193	43 445	440 699	3 898	1 020 235

Immaterielle eigendelar gjeld balansførte kostnader til prosjekt Nynorskhuset fra 2019. Bokført beløp er 600 000. Prosjektkostnadane avskrivast ikkje i 2020. Teateret fekk i 2019 kr. 270 000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane.

### Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	927 277	1 053 894

### Note 3 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	3 293 944	3 393 944
Resultat i år	-	1 826 024	1 826 024
<b>Eigenkapital 31.12</b>	<b>100 000</b>	<b>5 119 968</b>	<b>5 219 968</b>

#### Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærene per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
<b>Totalt</b>	<b>10</b>	<b>100 %</b>

#### Note 5 Pensjon

Teateret hadde fram til 30.06.2016 hatt ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan), då denne vart lukka. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse har i hovudsak vore avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Frå 01.07.2016 gjekk teateret over til ei innskotsbasert pensjonsordning. Det er i samband med overgangen balanseført eit eigenkapitalinnskott til KLP på kr 655 038,- under finansielle anleggsmidlar for handtering av forpliktelsane inngått i tidlegare ytelsesordning.

Teateret sine tilsette har i tillegg ei tariffesta AFP-ordning (usikra). Forpliktelsen ifølgje ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga finansierast gjennom premieinnbetalingar. Teateret si pensjonsordning tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	215 301	235 983
Pensjonspremie til innskotsordning	1 200 635	1 599 809
Pensjonspremie til kollektiv, lukka ytingsbasert ordning *)	0	262 488
Eigenandel pensjon tilsette	-210 560	-220 186
Tilbakebetaling av eigenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
<b>Netto pensjonskostnad i år</b>	<b>1 205 376</b>	<b>1 878 094</b>

\*) Selskapet har i 2020 dekkja den årlege premien til den lukka ytingsbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr. 538.231 frå premiefondet.

**Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**

<b>Lønskostnader</b>	<b>I år</b>	<b>I fjor</b>
Løner og honorar	18 385 802	18 083 901
Arbeidsgjevaravgift	1 790 499	2 151 596
Pensjonskostnader	1 205 376	1 878 094
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-601 063	-299 826
Andre lønsrelaterte ytingar	445 158	-351 072
<b>Sum</b>	<b>21 225 772</b>	<b>21 462 693</b>

Det har vore 21 fast tilsette og 2 personar på årskontrakt.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn	880 119	84 873
Anna godtgjersle	47 513	

Pr 31.12.20 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 82 200, av dette er kr. 61 875 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpene er inkludert meirverdiavgift.

**Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot**

	<b>I år</b>	<b>I fjor</b>
Ordinært tilskot staten	21 670 000	19 870 000
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune	6 978 571	6 387 000
Ordinært tilskot Førde kommune	2 292 857	2 129 000
<b>Sum</b>	<b>30 941 427</b>	<b>28 386 000</b>

**Note 8 Andre fordringar**

	<b>I år</b>	<b>I fjor</b>
Forskotsbetalte kostnader	31 121	60 035
Periodisering inntekter	605	108 605
Kortsiktig lån tilsette	0	32 583
<b>Sum</b>	<b>31 726</b>	<b>201 224</b>

<b>Note 9 Anna kortsiktig gjeld</b>	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	2 505 684	1 872 899
Påløpne kostnader	604 742	311 481
<b>Sum</b>	<b>3 110 426</b>	<b>2 184 380</b>

<b>Note 10 Leigeavtalar</b>	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	1 714 279

<b>Note 11 Kundefordringar</b>	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	582 842	111 588
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	50 620	280 351
<b>Kundefordringar 31.12.</b>	<b>633 462</b>	<b>391 938</b>

<b>Note 12 Gjeld</b>	I år	I fjor
<b>Gjeld sikra med pant</b>		
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	2 506 751
<b>Sum gjeld sikra med pant 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>2 506 751</b>

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 3 mill.

<b>Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt</b>	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	16 957	24 350
Andre inntekter	33 333	24 150
<b>Sum</b>	<b>50 290</b>	<b>48 500</b>

#### **Note 14 Fortsatt drift**

Som følge av utbrotet av covid-19 har selskapet sin aktivitet vore redusert frå tidleg mars, i samsvar med gjeldande tiltak frå myndigheitene. Tiltaka har vore varierende gjennom året, med nokre periodar med større rom for gjennomføring av framsyningar. Selskapets verksemd fell inn under kulturarrangement, og størsteparten av inntektene kjem gjennom støtte frå stat, fylkeskommune og kommune. Det er ikkje meldt om reduserte tilskot, og teateret er innvilga ekstra tilskot som følge av pandemien og tape inntekter frå arrangement. Det er gjennomført formålstenleg kostnadskutt for å sikre likviditeten i verksemda. Styret vurderer derfor ikkje at det er usikkerheit knytt til fortsatt drift.

Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Teater Vestland AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til rekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissende bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Styret og dagleg leiari sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiari (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvissende bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen 1B, NO-6800 Førde  
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no  
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

#### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### Utsegn om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 15. februar 2021  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Jan Flølo  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

#### LEIING

Kvamme, Bodil *Teatersjef*  
Selvik, Margunn Grytten *Direktør*

#### PRODUKSJON

Solbakken, Karoline *Produksjonssjef*  
Røsandhaug, Kenneth *Teknisk sjef og*  
*turnéleggjar*  
Falkum, Kjetil *Vikariat produksjon*  
Schwanitz, Christina *Inspisient*

#### MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Grande, Lene *Informasjons- og marknadssjef*  
Wie Marion Aas *Marknadskonsulent*  
Mjelleli, Kjell *Sal/marknad*  
Hattestein, Heidi *Engasjement informasjon*

#### ADMINISTRASJON

Hukset, Reinert *Økonomi-*  
*og administrasjonsarbeidar*  
Digernes, Lillian *Reinhaldar*

#### TEKNISK PERSONALE

Teknisk personale  
Eide, Tore *Teknikar*  
Furevik, Kjell *Snikkar og tekniskar*  
Herland, Odd Magne *Teknikar*  
Horne, Halldor *Sveisar og tekniskar*

Myska, Krystian *Lysdesignar og lysansvarleg*  
Ringdal, Synnøve *Rekvisitør (engasjement)*  
Støfring, Reidun *Rekvisitør og tekniskar*  
Tomkiewicz, Robert *Lyd og AV-ansvarleg*  
Wingård, Anna *Kostymeansvarleg*  
Øydvin, Atle *Lyssetjar*

#### KUNSTNARLEG PERSONALE

Skodespelarar faste  
Berge, Reidun Melvær *(åremål 2016-2020)*  
Losnegård, Idun  
Ottersen, Kyrre Eikås

Engasjerte skodespelarar  
Furevik, Kjell *(statist)*  
Hagen Asbjørn  
Herland, Odd Magne *(statist)*  
Johnsen Jon Ketil  
Moldestad Sigrid  
Nag Torfinn  
Reiten Torgeir  
Rongve Preben Lillebø  
Sellevoll Claus  
Sørbo Lars Steinar  
Thrane Joakim  
Tomkiewicz, Robert *(statist)*  
Waage Irene  
Østbye Marit

#### REGISSØR/KOREOGRAF/ DRAMATURG

Baardson, Bentein *Regissør*  
Førde, Miriam Hjelmeland *Koreograf*  
Kvamme, Bodil *Dramaturg og regissør*  
Naudeer, Terje Skonseng *Regissør*  
Ones, Arvid *Regissør*  
Solbakken, Karoline *Regissør*

#### MANUS/OMSETJING

Bakke, Tove *Omsetjar*  
Bø, Ola *Omsetjar*  
Charnin, Martin *Dramatiskar*  
Fretland, Jostein Avdem *Omsetjar*  
Jansson, Tove *Forfattar*  
Lotsberg, Asbjørn *Omsetjar*  
Meehan, Thomas *Dramatiskar*  
Miller, Arthur *Dramatiskar*  
Rem, Håvard *Forfattar*  
Schimmelpfennig, Roland *Dramatiskar*  
Strouse, Charles *Dramatiskar*  
Tokvam, Finn *Dramatiskar*

#### VISUELL DESIGN

Kvaal, Gustav *Illustratør*  
Langdalen, Siri *Scenograf og kostymedesignar*  
Lund, Else *Kostymedesignar*  
Myrtvedt, Olav *Scenografkonsulent*  
Myska, Krystian *Lysdesign*  
Ringdal, Synnøve *Scenografi/kostyme*  
Synnevåg, Marte *Figurmakar*

## **MUSIKK/LYD**

Anthun, Arvid *Musikalsk leiar*  
Eftevand, Henri G. *Musikar*  
Hammer, Arne *Musikar*  
Haukås, Helge *Musikar*  
Holgersson, Hans *Musikar*  
Holme, Marita *Musikar*  
Holme, Roger *Musikar*  
Høidal, Kjetil *Musikar*  
Lothe, Odd-Erik *Komponist*  
Løkeland, Harald *Musikar*  
Martinussen, Mari Therese *Musikar*  
Marøy, Christine *Sanginstudering*  
Sandnes, Roar *Musikar*  
Skarvatun, Trude *Musikar*  
Stoianov, Dimiter *Musikar*  
Utasi, Noemi *Musikar*  
Wyrzt, Helga Lied *Musikar*  
Wyrzt, Jakob *Musikar*

## **ØVRIG ENGASJERT PERSONALE**

Dahle, Rebecca *Kostymekoordinator*  
Flatjord, Andreas Grande *Teatervert*  
Lognvik, Elbjørg *Språkkonsulent*  
Lundsholt, Cecilie Grydeland  
*Påtroppande Teatersjef*  
Lyngstad, Terje *Språkarbeid*  
Methi, Marianne Elise *Hundetrenar*  
Mulen, Laila *Reinhald*  
Nielsen, Eivind *Teknikar*  
Nyttingnes, Espen *Foto og film*

Ottesen, Charlotte Prydz *Marknad*  
Pedersen, Jeff *Kampinstruktør*  
Read, Emily *Bevegelseskonsulent*  
Rintler, Charlotte *Dekor*  
Røsandhaug, Anette Eide *Kostymesyar*  
Thorne, Theodor Wilhelm *Teknikar*

## **SAMARBEIDSPARTAR**

Danseverkstedet  
Det Norske Teatret  
Det Vestnorske Teateret  
Firda vgs  
Førde Bibliotek  
Førdefestivalen  
Førdehuset  
JPP Jeff Pedersen productions  
Kulturtanken/ Den kulturelle skulesekken Sogn  
og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkesbibliotek  
Sparebanken Sogn og Fjordane  
Sunnfjord kulturskule  
Teaterfestivalen i Fjaler  
Teatret Vårt  
The Krumple



## **STYRET**

*Styrelleiar*  
Rasmus Mo – Vestland fylkeskommune

*Nestleiar*  
Jenny Følling – Sunnfjord kommune

*Medlemmar*  
Senea Sabanovic – Vestland fylkeskommune  
Kristine Lie – Vestland fylkeskommune  
Krystian Myska – Teater Vestland

*Varamedlemmar*  
1. varamedlem Hanne Oftedal  
– Vestland fylkeskommune  
2. varamedlem Lise May Sæle  
– Vestland fylkeskommune  
3. varamedlem Bjørn Harald Haugsvær  
– Vestland fylkeskommune  
Varamedlem Åsmund Berthelsen  
– Sunnfjord kommune  
1. varamedlem Idun Losnegård  
– Teater Vestland  
2. varamedlem Karoline Solbakken  
– Teater Vestland  
3. varamedlem Lene Grande  
– Teater Vestland



Kulturdepartementet

Førdehuset, Angedalsvegen 5, 6800 Førde  
Tlf.: 909 90 600 | [post@teatervestland.no](mailto:post@teatervestland.no)  
[teatervestland.no](http://teatervestland.no) | FØLG OSS PÅ:   

